

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Marte Malones sette fram slikt forslag:

1. "Hordaland fylkeskommune frårår dei 6 omsøkte utbyggingane av omsyn til Fjordlandsskapet, biologisk mangfald og uavklart sumverknader på natur og miljø.
2. Hordaland fylkeskommune har følgjande merknader om NVE likevel gir løyve til utbygging:
 - a) At det vert gjennomført ei samla konsekvensvurdering for dei seks kraftverka for artane oter, fossekall og spettefuglar. Tilrådde avbøtande tiltak bør vere del av eventuelle konsesjonsvilkår.
 - b) Merknader på det enkelte tiltak:

Sandneselva kraftverk

- Det er viktig at ein søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.
- Av omsyn til bekkekløft, fossekall og strandsnipe må høgare minstevassføring vurderast.
- Av omsyn til fossekall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.

Nørlandselva kraftverk

- Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det må påreknast arkeologisk registrering langs traséen uansett kva alternativ ein vel å gå for. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
- Nedre del av elva er eit markant element i fjordlandskapet og det er ei fossesprøytsone i øvre del.
- Det hekkar fossekall i elva. Minstevassføringa må vere tilstrekkeleg til å ta vare på desse verdiane.
- Av omsyn til fossekall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.

Bjørneklettbotn kraftverk

Hordaland fylkeskommune rår STERKT i frå utbygging av Bjørneklettbotn kraftverk grunna samla belastning på landskap og kulturmiljø langs elva. Dersom prosjektet får konsesjon rår Hordaland fylkeskommune til at overføring av Bjørneklettbekken vert teke ut av planen. Bakgrunnen er at redusert Bjørneklettbotn kraftverk grunna samla belastning på landskap og kulturmiljø langs elva.

Dersom prosjektet får konsesjon rår Hordaland fylkeskommune til at overføring av Bjørneklettbekken vert teke ut av planen. Bakgrunnen er at redusert vassføring får konsekvensar for opplevinga av kulturminna og kulturmiljøet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før eventuell iverksetjing av tiltak.

Fossdalen kraftverk

- Av omsyn til fossekall må høgare minstevassføring vurderast og reirkassar setjast opp der trygge reirplassar forsvinn.
- Plassering av kraftstasjon må ikkje komma i konflikt med den gamle SEFRAK-registrerte saga. Det vil bli stilt krav om arkeologisk registrering oppe ved Fossdalen der mellom anna veg og røyrgate til sideelva er planlagt. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Av omsyn til spettefugl må tidspunkt for anleggsarbeid og endeleg val av røyrgatetrase vurderast på nytt. Av omsyn til fjordlandskapet i Masfjorden må røyrgata frå Dyrkollelva utformast så skånsamt som mogleg.

Sulelva kraftverk

Av omsyn til kulturmiljøverdiane på Kalhovdasetra ved eventuell overføring av Svaelva (Sudalselva), må terrenginngrepa minimaliserast og raskt revegeterte. Av omsyn til landskaps- og friluftslivsverdier bør ei høgare minstevassføring vurderast i sommarsesongen.

Haugsvær kraftverk

Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det må bli stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak event. blir gitt."

Røysting

Innstillinga vart vedteke med 9 røyster mot 6 røyster (A, SV, KrF) for Malones sitt forslag.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjennomført ei samla konsekvensvurdering for dei seks kraftverka for artane oter, fossefall og spettefuglar. Tilrådde avbøtande tiltak bør vere del av eventuelle konsesjonsvilkår.

Sandneselva kraftverk

2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sandneselva kraftverk.
3. Det er viktig at ein søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.
4. Av omsyn til bekkekløft, fossefall og strandsnipe må høgare minstevassføring vurderast.
5. Av omsyn til fossefall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.

Nørlandselva kraftverk

6. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Nørlandselva kraftverk.
7. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det må påreknast arkeologisk registrering langs traséen uansett kva alternativ ein vel å gå for. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
8. Nedre del av elva er eit markant element i fjordlandskapet og det er ei fossesprøytzone i øvre del. Det hekkar fossefall i elva. Minstevassføringa må vere tilstrekkeleg til å ta vare på desse verdiane.
9. Av omsyn til fossefall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.

Bjørneklettbotn kraftverk

10. Hordaland fylkeskommune rår i frå utbygging av Bjørneklettbotn kraftverk grunna samla belastning på landskap og kulturmiljø langs elva.
11. Dersom prosjektet får konsesjon, rår Hordaland fylkeskommune til at overføring av Bjørneklettbecken vert teke ut av planen. Bakgrunnen er at redusert vassføring får konsekvensar for opplevinga av kulturminna og kulturmiljøet.
12. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før eventuell iverksetjing av tiltak.

Fossdalen kraftverk

13. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Fossdalen kraftverk.
14. Av omsyn til fossefall må høgare minstevassføring vurderast og reirkassar setjast opp der trygge reirplassar forsvinn.
15. Plassering av kraftstasjon må ikkje komma i konflikt med den gamle SEFRAK-registrerte saga. Det vil bli stilt krav om arkeologisk registrering oppe ved Fossdalen der mellom anna veg og røyrgate til sideelva er planlagt. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
16. Av omsyn til spettefugl må tidspunkt for anleggsarbeid og endeleg val av røyrgetrase vurderast på

nytt.

17. Av omsyn til fjordlandskapet i Masfjorden må røyrsgata frå Dyrkollelva utformast så skånsamt som mogleg.

Sulelva kraftverk

18. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sulelva kraftverk.
19. Av omsyn til kulturmiljøverdiane på Kalhovdasetra ved eventuell overføring av Svaelva (Sudalselva), må terrenginngrepa minimaliserast og raskt revegeterte.
20. Av omsyn til landskaps-og friluftslivsverdiar bør ei høgare minstevassføring vurderast i sommarsesongen.

Haugsvær kraftverk

21. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Haugsvær kraftverk.
22. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.